



## Fylkesmannen i Vestland

AVINOR AS AVD FLORØ LUFTHAVN  
Postboks 150  
2061 GARDERMOEN

Vår dato:  
15.09.2020

Vår ref:  
2019/1090

Dykkar dato:  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ingrid Torsnes, 5557 2320

## Løyve etter forureiningslova til Avinor AS avd. Florø lufthamn

Vi viser til søknad datert 21. januar 2020 om auka utslepp av flyavisingskjemikaliar. Vi viser òg til vårt varsel om endring av grenseverdi for utslepp frå oljeutskiljarar og til overvaking etter vassforskrifta av 8. juni 2020, og til Avinors svarbrev av 2. juli 2020.

### 1 Vedtak

Fylkesmannen gir Avinor AS avd. Florø lufthamn løyve til auka bruk av flyavisingskjemikaliar, og endrar grensa for utslepp frå oljeutskiljarar til 20 mg/l. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå 15. september 2020.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Avinor AS avd. Florø lufthamn skal betale eit gebyr for Fylkesmannen si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 33 300 kroner. Gebyret er vedteke etter forureiningsforskrifta § 39-4.

### 2 Kort om bakgrunnen for saka

Avinor AS avd. Florø lufthamn har søkt om forbruk av baneavisingskjemikaliar tilsvarande 8000 kg KOF/år, og forbruk av flyavisingskjemikaliar tilsvarande 3000 liter 100 % glykol pr. år.

Forbruk av avisingskjemikaliar er avhengig av trafikkforhold og lokale nedbør- og temperaturforhold. I 2016 og 2017 var forbruket av flyavisingskjemikaliar høgare enn tillaten mengde. Fylkesmannen gav mellombels auke i bruk av flyavisingskjemikaliar i 2018 i påvente av ny søknad.



Fylkesmannen har fått varsel om at forbruk av flyavisingskjemikaliar i 2020 allereie er over 75 % av dei 1000 literane som ligg i eksisterande løyve.

Det vart òg søkt om utslepp frå testing av skumkanonar og tömming av pulverapparat på brannøvingsfeltet. Sidan drift av brannøvingsfeltet er regulert i eit eige løyve til Kinn kommune, så vil dette bli vurdert ved neste revisjon av løyvet for brannøvingsfeltet.

## 2.1 Rettsleg utgangspunkt

### Forureiningslova

Når Fylkesmannen vurderer om det skal givast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulempar tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Fylkesmannen utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Fylkesmannen tek avgjelder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndighetene skal syte for at alle vassførekommunar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### Nasjonalt prioriterte stoff

Fylkesmannen har eit mål om å kontinuerleg redusere utslepp av nasjonalt prioriterte stoff (sjå vedlegg 1 i løyvet) slik at utslepp av slike stoff er stansa innan 2020.

## 3 Fylkesmannen si vurdering

### 3.1 Grunngiving for vedtaket

Avising av bane og fly blir gjort av sikkerheitsmessige årsaker. Etter ei vurdering av mottatt søknad, utgreiingar om utslepp til vatn, infiltrasjon i grunnen og spreiing langs rullebana, så gir Fylkesmannen verksemda løyve til auka utslepp av flyavisingskjemikaliar.

Baneavisingskjemikaliane som blir brukta inneheld ikkje miljøfarlege tilsetjingsstoff. Dei blir lett nedbrote i naturen og blir ikkje bioakkumulert.

Flyavisingskjemikaliet inneheld eit tilsetjingsstoff som kan vere giftig for vasslevande organismar. Mengde tilsetjingsstoff er i så låg konsentrasjon at det ikkje er merkepliktig. Det finst pr. no ikkje flyavisingsvæsker utan giftige tilsetjingsstoff. Flyavisingskjemikaliet blir lett nedbrote i naturen.



Det er i nærområdet til lufthamna registrert naturverdiar som gytefelt og rekefelt. Det er òg ein lokalitet med strandeng- og strandsump som er verdsett til å vere lokal viktig.

Ærfuglar beitar i Gunhildvågen. Denne arten har hatt ei negativ bestandsutvikling, og for å redusere belastninga på dei botndyr ærfuglen beitar på har vi stilt krav om at så lite avisingskjemikaliar som mogeleg skal drenere mot Gunhildvågen.

Den auka mengda flyavisingskjemikaliar som no blir tillate vil i hovudsak bli leda til Solheimfjorden som er ein betre resipient enn Gunhildvågen. Fylkesmannen vurderer at det er lite truleg at fuglar, gytefelt, rekefelt eller strandeng- og strandsump lokaliteten vil bli påverka av den mengde avisingskjemikaliar som blir brukt på Florø lufthamn.

Fylkesmannen har konkludert med at utsleppet er akseptabelt sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinje i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved auka kjemikaliebruk, samanlikna med dei fordelar og ulempar det elles vil medføre, gir vi løyve til auka utslepp på nærmare fastsette vilkår.

## 3.2 Grunngiving for utvalde vilkår og krav

### 3.2.1 Utslepp til vatn (punkt 3 i løyet)

Verksemda har søkt om eit rammekrav for forbruk av kjemikaliar basert på berekning av tolegrense i resipienten ved maksimal belastning. Basert på dette verktøyet meiner verksemda at bruk av den mengde avisingskjemikaliar det er søkt om, ikkje vil medføre negative miljøkonsekvensar.

Auka bruk av flyavisingskjemikaliar vil føre til auka organisk belastning i resipientane. Verksemda har gjort greie for områda avisingskjemikaliane blir brukt og avrenningmønsteret. Det er gjort ei teoretisk berekning av kva belastning avrenning av bane- og flyavisingskjemikaliar vil påføre resipientane. Berekingane er konservative ved at det er lagt inn maksimalt forbruk av tillaten mengde av både fly- og baneavisingskjemikaliar. Berekingane viser at det er høgast belastning ved snødeponiet, og at tolegrensa så vidt blir overskriden ved maksimalt forbruk kjemikaliar. Det blir peika på at det vil vere svært sjeldan at ein vil bruke maksimalt av både fly- og baneavisingskjemikaliar. Lufthamna vil likevel sjå på om ein kan nytte eit større areal til snødeponi, slik at belastninga pr. m<sup>2</sup> ikkje overskrid tolegrensa.

Vassforskrifta §§ 4-6 seier at vassførekomen skal beskyttast mot forverring, og forbetrast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom utsleppet frå verksemda skulle føre til at vassførekomstane Solheimsfjorden og Gunhildvågen endrar seg i negativ retning, vil det vere ei forverring. Miljømålet i vassforskrift er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Det skal ikkje tillata utslepp som bidrar til å forverre miljøtilstanden på sikt.

Avisingskjemikaliar har ei rask nedbryting i sjø. Utslepp av flyavisingskjemikaliar skjer i hovudsak via eigen leidning til Solheimsfjorden, som har god vassutsifting og blir vurdert til å vere ein god resipient. Noko av avrenning frå både bane- og flyavising blir infiltrert i grunnen og drenerer vidare mot både Solheimsfjorden og Gunhildvågen. Det er i løyet sett vilkår om at drifta skal skje på ein slik måte at så lite som mogeleg drenerer mot Gunhildvågen.



Vi har redusert utsleppsgrensa for utslepp av oljehaldig avløpsvatn frå 50 mg/l til 20 mg/l. Verksemda har i sin utsleppskontroll vist at dei ligg under ei utsleppsgrense på 20 mg/l, og dei har ingen merknad til at det blir sett ein lågare grenseverdi.

I si tilbakemelding kommenterer Avinor at det er kommunen som er styresmakt for oljehaldig avløp etter forureiningsforskrifta kapittel 15. I kommentarane til forskrifta går det fram at kapittel 15 berre gjeld for verksemder nemnt i første ledd bokstav a) til f). Oljehaldig avrenning frå bl.a. brannøvingsplassar og flyplassar blir ikkje regulert av kapittel 15. Kommunen kan i medhald av § 15A-4, stille krav til påslepp av oljehaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett frå andre verksemder enn dei som står i første ledd. Når det gjeld utslepp frå oljeutskiljarane på flyplassen er det Fylkesmannen som er styresmakt.

### **3.2.2 Overvaking etter vassforskrifta (punkt 12.2 i løyvet)**

Fylkesmannen varsla at vi vurdere å pålegge overvaking etter vassforskrifta. Avinor har i si tilbakemelding peika på at det totale forbruket av avisingskjemikaliar ved Florø lufthamn framleis er lågt, sjølv om det har vore ein auke i forbruk dei siste åra. Avinor gjennomfører slik overvaking ved andre lufthamner der kjemikaliebruken er svært høg. Kostnadane ved slik overvaking er høg, og verksemda meiner at kravet om denne typen overvaking ikkje kan rettferdiggjerast basert på den låge miljømessige belastninga som kjemikaliebruken på Florø lufthamn har. Det blir vist til at Avinor vil kunne stille seg bak eit felles overvakingsprogram i området ved Florø lufthamn.

Fylkesmannen er einig i at det kan vere like hensiktmessig å gjennomføre felles overvaking der dei aktørar som har utslepp som kan påverke resipienten deltar. Vi vil difor ikke pålegge tiltaksretta overvaking i utsleppsløyet, men vil vurdere om vi seinare vil pålegge at Avinor å delta i overvaking saman med andre aktørar som påverkar vassførekommstane.

## **4 Faktagrunnlag**

### **4.1 Resipientar og miljøtilstand**

#### **4.1.1 Tilstand i vassførekommsten**

##### **Klassifisering i Vann-Nett**

Solheimsfjorden er i Vann-nett registrert som 0281010700-C. Denne vassførekommsten er registrert med god økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Gunhildvågen er i Vann-nett registrert som 0281011100-2-C. Denne vassførekommsten er registrert med moderat økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Gunhildvågen er i risiko for å ikkje oppnå miljømål for vassførekommsten.

##### **Trua artar og naturtypar**

Det er registrert ein lokalitet av naturtypen strandeng- og strandsump som er vurdert som lokalt viktig. Lokaliteten ligg i utkanten av flyplassområdet.

Det er registrert gytefelt for sild og torsk, og rekefelt i nærområdet. I tillegg er Gunhildvågen eit viktig beiteområde for ærfugl.



## 5 Saksgang

Fylkesmannen handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

### 5.1 Korrespondanse

Fylkesmannen sendte i brev av 8. juni 2020 varsel om at vi vurderte å sette krav til overvaking av resipient i samsvar med vassforskrifta, og å redusere utsleppsgrensa for oljeutskiljar til 20 mg/l. Verksemda har i brev av 2. juli 2020 kommentert varselet.

### 5.2 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Saken er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Frist for å gi uttale var 2. juni 2020.

Nedanfor følger ei kort oppsummering av uttalane og verksemda sine kommentarar/merknader til desse.

Fylkesmannen har vurdert uttalane og kommentarane ved handsaminga av søknaden.

#### 5.2.1 Uttalar og verksemdas kommentarar

Det kom inn to uttalar til saka.

#### Fiskeridirektoratet, uttale 7. mai 2020

- Fiskeridirektoratets interesse er å sikre marint biologisk mangfold og fiskeri- og akvakulturinteressene i området
- Viktig at verksemda har tilstrekkeleg kunnskap om, og tek omsyn til dei marine leve- og vekstområda. Dette må vere med i vurderingane av kva krav som vert sett til overvaking av området og tiltak for å hindre forureining
- Glykol er ein giftig alkohol som er lettlyseleg i vatn. Om lag 75 % av den nytta avisingsvæska blir samla opp, og leda ut i Solheimsfjorden
- Solheimsfjorden er registrert med moderat gjennomstrøyming og liten påverknad av forureining, med god kjemisk og økologisk tilstand
- Det er registrert gytdefelt og rekefelt i nærområdet
- Avinor har som mål at aktiviteten på lufthamna ikkje skal føre til meir forureining av grunnen eller redusere miljøtilstanden i vatn. Det er sett opp eit analyseprogram der 7 prøvepunkt vert kontrollert to til fire gongar pr. år
- Fiskeridirektoratet meiner at så lenge analyseverdiane er på same nivå som no, vil det ikkje ha betydeleg negativ påverknad på dei marine ressursane

#### Kinn kommune, uttale 3. juni 2020

Kinn kommune har ingen merknad til søknaden.



## Verksemdas kommentar

Avinor har ikkje hatt kommentalar til uttalane.

## 6 Klagerett

Avinor og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebrysatsen. Ein eventuell klage bør innehalde kva de ønskjer å endre og ei grunngiving for dette. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha tyding/noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kinn kommune                    postboks 294                    6701 MÅLØY  
FISKERIDIREKTORATET      Postboks 185 Sentrum      5804 BERGEN



## Løyve etter forureiningslova til Avinor AS avd. Florø lufthamn

Løyvet er gitt i medhald av forureningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Løyvet erstattar tidlegare løyve av 17.12.2010.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Fylkesmannen for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Verksemnd	Avinor AS avd. Florø lufthamn
Stad/gateadresse	Thor Solbergsvegen 4
Postadresse	Postboks 150, 2061 Gardermoen
Kommune og fylke	Kinn kommune i Vestland
Org. nummer (verksemnd)	874 719 862
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32 aust: 289030, nord: 6834415
Gards- og bruksnummer	28/947
NACE-kode og bransje	52.230 Andre tenester tilknytt lufttransport

### Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2020.0855.T	4602.0114.01	2019/1090

Løyve gitt første gong: 15. september 2020	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
---	--	-------------------

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk

### Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

## 1 Rammevilkår

Løyvet gjeld drift av flyplass og handtering av overvatn med fly- og baneavisingskjemikaliar inkludert diffuse utslepp av desse. Løyvet gjeld òg utslepp av oljehaldig vatn frå oljeutskiljarar.

Løyvet gjeld for eit årleg forbruk av baneavisingskjemikaliar tilsvarande 8000 kg KOF<sup>1</sup>/år og inntil 3000 liter 100 % glykol per år.

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysninga om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa.

---

<sup>1</sup> KOF: Kjemisk oksygenforbruk. Uttrykk for innhaldet av organisk stoff som kan brytast ned ved kjemisk oksydasjon

## **2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt**

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjøre det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom verksemda ønsker å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må de søkje om løyve til dette.

## **2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

## **2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare**

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfare. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

## **2.7 Internkontroll**

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>2</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid å ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjøre greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

---

<sup>2</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

## 3 Utslepp til vatn

### 3.1 Utsleppsavgrensningar

#### 3.1.1 Utslepp frå baneavising

Det er tillate eit årleg forbruk av baneavisningskjemikaliar med kjemisk oksygenforbruk på inntil 8000 kg målt som KOF pr. år.

Baneavisningskjemikaliar skal ikkje innehalde giftige tilsetningsstoff.

#### 3.1.2 Utslepp frå flyavising

Det er tillate eit årleg forbruk av flyavisingskjemikaliar tilsvarande 3000 liter 100 % glykol til avisering av fly.

Dersom ein nyttar avisingskjemikaliar med giftige tilsetningsstoff, så skal PEC/PNEC<sup>3</sup>-verdien for tilsetningsstoffet vere < 1. Dette gjeld akkumulert effekt.

#### 3.1.3 Journalføring

Det skal førast driftsjournal over type og forbruk av bane- og flyavisingskjemikaliar.

#### 3.1.4 Utsleppsreduserande tiltak

Snø på rullebane, taksebaner og flyoppstillingsplass skal i størst mogleg grad fjernast ved brøyting, skraping og feiing/børsting før avisingsmiddel vert brukt.

Oksygenforbruk ved nedbryting skal vurderast ved val av avisingskjemikaliar. Dersom nye middel vert vurdert, så skal ikkje desse føre til større oksygenforbruk enn dagens kjemikaliar.

Flyavising skal skje på eige område av oppstillingsplattformen framfor terminalbygget med avrenning til Solheimsfjorden. Unntakvis og ved spesielle vindforhold kan vestre del av plattformen nyttast, og då med avrenning til Gunhildvågen. Ved påføring av flyavisingskjemikaliar skal ein bruke den metode og utstyr som gir minst mogeleg bruk og avrenning til recipient.

Snø som inneholder flyavisingskjemikaliar skal plasserast i eigne snødeponi med avrenning til Solheimsfjorden. Ved store mengder snø og trøng for tilleggsdeponi, så skal dette plasserast slik at avrenninga går til Solheimsfjorden.

Diffus spreieing av glykolholdig vatn som dryppar av flya ved avgang vil bli spreidd langs banesystemet saman med baneavisingskjemikaliar. Det skal leggast til rette for naturleg nedbryting i grunnen. Ved fare for overbelastning av nedbrytingskapasiteten, så må det setjast i verk tiltak. Rutine for dette skal vere inkludert i internkontrollen.

---

<sup>3</sup> PEC/PNEC: Predicted Effect Concentration/Predicted No Effect Concentration. Er uttrykk for miljørisiko av eit stoff. Ved PEC/PNEC < 1 vert miljørisikoen vurdert som akseptabel

Avrenning av overflatevatn frå verksemdas uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstadar, vaskeplassar eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarende reinseeining slik at avløpsvatnet ikkje overskrid 20 mg/l olje

### **3.2 Kjølevatn**

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

### **3.3 Sanitæravløpsvatn**

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

### **3.4 Mudring**

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakt.

## **4 Utslepp til luft**

Verksemda har ikkje utslepp til luft frå energiproduksjon.

## **5 Grunnforureining og forureina sediment**

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulempar for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempa for miljøet, skal overvåkast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulempar som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde løpende oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trond for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>4</sup>, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

---

<sup>4</sup>Jf. forurensningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

## 6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæske og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>5</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket<sup>6</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

## 7 Støy

Luftfartstilsynet er styresmakt for støy frå flyplassar.

## 8 Energi

### 8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan settjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

### 8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

### 8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne ut spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5.

---

<sup>5</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

<sup>6</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

## 9 Avfall

### 9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnad, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnad, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsetje i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>7</sup>.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringen av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

## 10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

## 11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

### 11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartlegge alle utslepp til vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeidning av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

### 11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll for utslepp til grunn og sjø, som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll.

---

<sup>7</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til grunn og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal utførast slik at dei vert representative for dei faktiske utsleppa til verksemda og dei skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i løyvet eller forskrifter
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

### **11.3 Kvalitetssikring av målingane**

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse vert utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.

Krava til kvalitetssikring av utsleppsmålingane gjeld òg for diffuse utslepp.

### **11.4 Program for utsleppskontroll**

Ved utarbeiding av måleprogram skal verksemda:

- velje prøvetakingsfrekvens som gir representative prøver
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane og grunngi valte metodar
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinn i målingane (prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå
- velje frekvens for tredjepartskontroll og for deltaking i ringetestar
- programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### **11.5 Rapportering til Fylkesmannen**

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Det skal rapporterast på årsbasis og ikkje på basis av avisingssesong.

## 12 Miljøovervaking

### 12.1 Overvaking av recipientar

Verksemda skal sørge for overvaking av mogleg miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld så vel effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

### 12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Fylkesmannen vil jamleg vurdere om det er nødvengig med overvaking i vassførekomstane i tråd med krava i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking. Fylkesmannen kan pålegge verksemda å delta i eit samarbeid med andre aktørar i overvakingsprogram som er relevante for den påverknad verksemda eventuelt påfører resipienten.

Data frå overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljø.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljøs importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljøs kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

## 13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

### 13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flaum etc og framtidige klimaendringer.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### 13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### **13.3 Beredskapsanalyse**

Med grunnlag i miljøriskoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljøriskoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forurensning.

### **13.4 Beredskapsplan**

Miljøriskoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

### **13.5 Beredskapsetablering**

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisko.

### **13.6 Øving av beredskap**

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringer. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringer er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

### **13.7 Varsling av akutt forureining**

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift<sup>8</sup>. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Fylkesmannen gjennom [fmlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmlpost@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## **14 Undersøkingar og utgreiingar**

Det er per dags dato ikkje stilt øvrige krav til undersøkingar og utgreiingar.

---

<sup>8</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

## **15 Eigarskifte, omdanning mv.**

Dersom verksemda vert overdragen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## **16 Nedlegging**

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining.

Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehånd melde frå til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærmere kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet løper vidare inntil Fylkesmannen etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>9</sup>. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans.

Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikaliar har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønsker å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

## **17 Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget når som helst.

---

<sup>9</sup> Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

## Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

#### Metall og metallsambindingar:

	Forkortelser
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

#### Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortinger
Penta-bromdifenyler (difenyler, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyler (defenyler, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyler (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2`-6,6`-tetrabromo-4,4`-isopropyliden difenol)	TBBPA

#### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksine og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkan C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafin C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkan C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyler)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

#### Enkelte tensid

Ditalg-dimethylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyl dioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimethylammoniumklorid	DHTMAC

#### Nitromusksambindingar

Muskxylen
-----------

#### Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP

Dodecyfenol m. isomerar 2,4,6 tri-tert-butylfenol	DDP TTB-fenol
<b>Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)</b>	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte fsambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTDA, PFTeDA
<b>Tinnorganiske sambindingar</b>	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
<b>Polysyklike aromatiske hydrokarbon</b>	
<b>PAH</b>	
<b>Ftalat</b>	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
<b>Bisfenol A</b>	
<b>BPA</b>	
<b>Silosan</b>	
Dodekamethylsykloheksasilosan	D6
Dekametyl syklopentasilosan	D5
Oktametyl syklotetrasilosan	D4
<b>Benzotriazolbaserte UV-filter</b>	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350